



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 22.03.2018
Møtestad: Konferansesalen
Møtetid: 09:00 - 12:00

Ungdomsrådet vert med på møtet, og presenterer seg og sitt arbeid ved oppstart klokka 0900

Assisterande rådmann Ove Sæbø vil i møtet orientere om oppstart av temaplan for kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse

Klokka 1130 kjem Margrethe Kvamme og Maria Kolstad frå Modalstunet for å informere om velfersteknologiprojektet i Modalen og pasientsikkerheitsprogrammet

Det vert orientert om følgjande samarbeidsprosjekt i kommunestyret:

- Felles barnevernsvakt i Hordaland
- Veterinærvakt avtale mellom Modalen, Vaksdal, Voss, Ulvik, Granvin og Eidfjord
- Nordhordland brann og redning
- Samarbeidsprosjekt mellom randkommunane rundt nye Alver kommune

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	Meldt forfall
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	Meldt forfall
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Imsland	SO	Varamedlem	Vara
Trude Langedal	SA	Varamedlem	Vara
Marit Kristin Nese	SA	Varamedlem	Vara

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
007/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
008/2018	Godkjenning av møtebok
009/2018	Referatsaker
010/2018	Orienteringssaker
011/2018	Strategi og retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skobruket 2018-2021 i Modalen kommune
012/2018	Søknad - kommunal delfinansiering av hurtigladepunkt i Modalen.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/88

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2018	Kommunestyret	PS	22.03.2018

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 007/2018

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/88

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2018	Kommunestyret	PS	22.03.2018

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 008/2018

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 15.02.2018

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/88

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2018	Kommunestyret	PS	22.03.2018

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
009/2018.1	Protokoll Regionråd 2-2018, fredag 16. februar 2018
009/2018.2	Folketal og skatteinntekter 2017 - og utvikling - Nordhordland

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 009/2018

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Protokoll Regionrådet 2-2018, 16. februar

Nordhordland - folketal og demografi 01.01.2018

Skatteinntekter 2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vathe Lilletvedt		18/88

Saknr	Utvalg	Type	Dato
010/2018	Kommunestyret	PS	22.03.2018

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 010/2018

KS - behandling:

I starten på kommunestyremøtet var Modalen ungdomsråd med på møtet. Kristin Nåmdal presenterte medlemmane for kommunestyret, og nestleiar i ungdomsrådet Jakob Farestveit la fram kva saker ungdomsrådet har jobba med og at dei ynskjer å involvere seg i samfunnsutviklinga i Modalen og i politiske saker som angår dei. Sigmund Vikane foreslo involvering frå ungdomsrådet i to saker som snart skal handsamast i kommunestyret. Det er saka om evt nytt nærings- og tenestesenter og saka om bustadutvikling.

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte kort om prosjektmandatet, planprosessen og den politiske forankringa frå 2016, for oppstart på temaplan for idrett, kultur, friluftsliv og folkehelse, Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik la fram kronologisk gjennomgang av bakgrunn og tidlegare arbeid med saka om bustadregulering, og ho presenterte framlegg til agenda når saka skal opp igjen til handsaming i kommunestyret 26. april. Ho gjekk og gjennom innholdslista i kommuneplanen, og la vekt på at kommunestyret særskild bør førebu seg på konsekvensutgreiinga i arealdelen og planomtalen til neste møte. Spesielt gjeld dette sidene 55-61 i kommuneplanen. Administrasjonen ynskjer politisk prioritering av kva område ein skal arbeide vidare med å utvikle til bustadføremål, både på kort og lang sikt, slik at ein kan starte opp reguleringsprosessen av det aktuelle området. Frank Stian Steinsland stilte spørsmål ved om kor mange ledige tomtar for bustadføremål det er pr i dag. Teknisk sjef informerte om at det er ca 13 ledige tomtar, og av desse er 4 kommunale tomtar. Kristin Nåmdal stilte spørsmål om koleis behovet for antal framtidige tomtar er berekna. Teknisk sjef

svara at behovet er berekna utfrå erfaringstal på antal byggesøknadar, som i snitt har vore ca 1,5 pr år. Trude Langedal kommenterte at det er viktig å finne ut av og ta omsyn til kva type bustader ein treng i Modalen i framtida, til dømes fleire leiligheter, omsorgsbustader og eldrebustader. Sigmund Vikane kommenterte at alderssamansetjinga i kommunen har betydning for framtidig behov i bustadutviklinga og evt for tettstadutvikling. Linda Neset stilte spørsmål om det er mogleg å leggje til rette for ulike tomtestørrelser og priskategoriar i ein framtidig reguleringsplan. Teknisk sjef svara at det er mogleg, og at slike innspel høyrer naturleg heime i ein reguleringsprosess.

Rådmannen orienterte om det interkommunale prosjektet om felles barnevernsvakt for Hordaland. Bakgrunnen for arbeidet er at born i alle kommunar skal sikrast eit forsvarleg barnevernfagleg tilbod på kveld, helg og høgtider. I prosjektet vert det utarbeidd forslag til korleis det kan etablerast ein barnevernsvakt i Hordaland der alle kommunar er med. Forslaget inneber at Bergen kommune er vertskommune, og at det vert oppretta avdelingskontor på Voss, Stord og Odda. Med desse plasseringane vil ein kunne nå nær alle plassar i fylket innafor ei reisetid på rundt 1,5 t. Prosjektgruppa skal levere si innstilling og sitt forslag i løpet av 2018, og saka vil deretter gå til politisk handsaming i alle kommunane.

Rådmannen orienterte om status for prosjektet om oppretting av Nordhordland brann og redning, som er ei utviding av dagens brannsamarbeid mellom Lindås, Meland og Modalen. I tillegg til desse tre kommunane er Radøy og Austrheim tenkt inn i det nye samarbeidet. Det vil og vere opning for at andre kommunar kan kople seg på dersom dei ynskjer. Prosjektet vil utarbeide forslag til ny brannordning for regionen sett opp mot gjeldane lov og forskrift, ny dimensjoneringsforskrift, oppdatert risikobilete for heile regionen. Gruppa vil leggje fram si innstilling før sommaren 2018, og saka vil så gå til dei einskilde kommunane for politisk handsaming. Målsetjinga er at Nordhordland brann og redning skal vere i drift frå 1.1. 2019.

Rådmannen orienterte om status for veterinærvakt samarbeidet mellom Modalen, Vaksdal, Voss, Granvin, Ulvik og evt Eidfjord. Eidfjord ynskjer overgang til vakt-distrikta som i dag består av dei fem andre kommunane då dette vil gje ei betre sikring av kommunen sitt ansvar for dyrevelferd, mellom anna med vesentleg kortare responstid ved utrykning til akutt sjuke dyr. Dei fem kommunane er positive til å ta med Eidfjord i sitt samarbeid, men Landbruksdirektoratet har foreløpig avslått Eidfjord sin søknad om å flytte vakt-distrikt. Direktoratet seier i sitt avslag at vakt-distrikt som utvidar utan at dei har godkjent det, kan stå i fare for å miste vakt- og administrasjonstilskotet kommunane får tildelt, noko som utgjer omlag 1,5 mill kr årleg. Det vert no jobba administrativt opp mot Landbruksdirektoratet med tanke på å få til ei løysing der Eidfjord kan slutte seg til vårt vakt-distrikt utan at ein skal miste tilskotet.

Rådmannen orienterte om at randkommunane utafor nye Alver kommune har søkt Fylkesmannen om skjønsmidler til å starte opp eit kartleggingsarbeid og mulighetsstudie der ein ynskjer å sjå på kva område det kan vere tenleg å vurdere eit meir formalisert samarbeid mellom desse kommunane. Initiativet er politisk initiert av ordførarane i kommunane. Kommunane opplever at presset på økonomi og krav til innsparing av kostnader aukar. Det er også utfordringar med rekruttering av relevant fagkompetanse og krav til å utvikle tenestetilbodet og få til meir effektiv drift. Det gjer at dei kommunane som no ikkje er i eit arbeid med kommunesamanslåing ser det som tenleg å sjå på kva dei kan gjere i lag for å møte desse utfordringane på ein best mogleg måte. Prosjektet skal vere forankra i leiinga i kommunen. Det må opprettast ei styringsgruppe der alle rådmenn deltek, og det er viktig at politisk nivå i kommunane vert oppdatert undervegs. Eventuelle framlegg til formalisering av samarbeid mellom kommunar skal handsamast politisk. Kristin Nåmdal kommenterte at dette er viktige saker å diskutere politisk, og etterlyste meir tid til å gjere dette i kommunestyremøta. Ho poengterte at det kan bli for knapp tid til å drøfte saker godt nok når møta er sett opp med møtetid frå klokka 0900 - 1200.

Ordføreren kommenterte at ein vil freiste å ta høgde for dette framover.

Kristin Nåmdal refererte til positivt oppslag om Uni Micro i Bergens Tidende, men er uroa av at det kjem fram i artikkelen at det kan vere vanskeleg for bedrifta å skaffe nok arbeidstakarar med rett kompetanse til kontoret i Modalen. Nåmdal bed ordføreren ta initiativ til eit møte med Uni Micro for å drøfte om det er noko kommunen kan bidra med i denne samanhengen.

Håvard Engeseth stilte spørsmål om oppfølgingspunkt ang ledige næringsareal, økonomiske konsekvensar og utleigepotensiale i høve evt nytt nærings- og tenestesenter. Rådmannen svara at det var tenkt å ta dette inn i saksutgreiinga når saka kjem opp til politisk handsaming. Rådmannen informerte vidare om at administrasjonen ikkje vil rekke å få saksutgreiinga ferdig til møtet i kommunestyret 26. april, då ein framleis ikkje har all informasjonen ein treng i saksførebuinga.

Sigmund Vikane etterlyste høve til meir tid, diskusjon og debatt rundt mellom anna plassering og andre byggtekniske høve av et evt nytt bygg før ein tek avgjerd om ein skal realisere byggeprosjektet. Rådmannen og ordføreren svara at det vil vere mogleg å gjere dette på møtet 26. april, sidan administrasjonen ikkje er ferdig med saksførebuinga til dette møtet slik det opprinneleg var tenkt. Det vil då og vere høve til å drøfte spørsmåla som Håvard Engeseth etterlyste.

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FA - K21	18/37

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2018	Kommunestyret	PS	22.03.2018

Strategi og retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2018-2021 i Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Kommunestyret syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og vedtar strategi og retningslinjer 2018-2021 nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for Modalen kommune.

Vedtaket har heimel i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det må vedtakast ny strategi og retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for Modalen kommune for kommande år. NMSK-midlane er statlege midlar som er styrt gjennom eigen forskrift; forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK forskrifta). Føremålet med å ordninga er at det ut i frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskapingi skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne vert tatt vare på og utvikla vidare jf. § 1 formålet i NMSK forskrifta.

NMSK-midlane dekkjer fleire tiltak som det kan gis tilskot til. Dette er i hovudsak knytt opp til skogkultur, vegbygging, drift med taubane, drift med hest og miljøtiltak. Gjennom forskrifta vert det styrt kva tiltak kommunen løyver tilskot til, medan nokre tilskot er fylkesmannen ansvarleg for. Kommunen skal ofte kome med tilråding i dei sakene fylkesmannen løyver tilskot.

Det skal utarbeidast overordna retningslinjer for prioritering av søknader, og Modalen kommune får ikkje tildelt midlar før strategi og retningslinjer for NMSK-tilskotet er vedtatt i kommunen.

Vurdering

Kommunen har ansvaret for å fastsetja tilskotssats, prioritera søknader og gjera vedtak på søknadar

om tilskot til skogkultur og til miljøtiltak. Fylkesmannen har det same ansvaret for saker som gjeld tilskot til bygging av veg, drift med taubane eller hest. I desse sakene skal kommunen kome med tilråding om tilskotet før fylkesmannen gjer vedtak. Fylkesmannen har eigne reglar og retningslinjer for tildeling av deira tilskot.

NMSK-midlane er i hovudsak delt i to, der den største delen av midlane er knytt til vegbygging, medan den minste delen skal dekkje skogkultur og miljøtiltak. Fylkesmannen i Hordaland fekk i 2018 2 millionar som skal brukast på skogkultur og på miljøtiltak. Denne summen skal dekke heile Hordaland fylke. Fylkesmannen fordeler midlane til dei ulike kommunane, og dersom det er trong for meir midlar enn kommunen har fått tildelt, er det viktig å prioritere godt. Søknad etter tilskot er varierende, det er avhengig av aktiviteten i skogsdrifta og kva tiltak som vert gjort. Tilskotet skal fungera som eit insentiv for skogkultur og miljøtiltak og kjem i tillegg til skogfondsordninga. I hovudsak ønskjer Fylkesmannen i Hordaland at ein først og fremst skal nytta seg av skogfond til planting etter hogst. Dette for at ein kan nytta NMSK-midlane til andre og meir kostnadskrevjande tiltak. Fylkesmannen i Hordaland har tidlegare utarbeidd eigne rettleiande satsar til dei tiltaka kommunen administrerer, dette for å unngå store skilnader i mellom kommunane i fylket.

Framlegg til kommunale retningslinjer for perioden 2018-2021 har lagt opp til at tilskot til planting etter hogst vert 30 %, medan treslagsskifte og suppleringsplanting er på 65 % tilskot. Det er føreslått å ha ein tilskotssats på 65 % til lauvrydding og avstandsregulering (ungskogpleie). Grunnlaget for dette er at ein ynskjer å få opp bruken av skogfond til planting etter hogst. Samstundes som ein vil ha høgare satsar til suppleringsplanting og treslagsskifte, som kan vere spesielt kostnadskrevjande for skogeigar. Vidare må kommunen kunne prioritera ved stor søknadsmengd da det er avgrensa med midlar. Difor er det viktig å kunne prioritera tilskot til kostnadskrevjande tiltak som eit insentiv. Det er i seinare år avverka og planta meir areal i kommunen, desse areala vil på sikt trengje avstandsregulering.

Administrasjonen meiner at det vil vere viktig å prioritera avstandsregulering høgare enn planting, for å skape god kvalitet på tømmer som skal avverkast på sikt. Dette er også eit viktig tiltak for å skapa meir stabile og stormsterke bestand som vil ha ein høgare toleranse mot vindskader. Klimaprognoser for tida framover peiker i retning av meir nedbør og auke i vind, samtidig som det vil kunne verte storm oftare enn før. Det er etter større uvær ofte store vindskader i regionen, som kan sjåast i samanheng med lite eller manglande skogskjøtsel og avstandsregulering. Administrasjonen meiner at dette er eit tema som det er viktig å fokusere på i tida framover.

Fylkesmannen i Hordaland har tidlegare utarbeidd rettleiande satsar for tilskot, dette for å unngå at det er stor variasjon mellom kommunane. Administrasjonen har ikkje endra andre satsar, og dei er ikkje høgare enn Fylkesmannen sine tilrådingar. Modalen kommune vil med desse satsane liggje på same nivå som andre kommunar i regionen, til dømes Lindås-, Meland- og Radøy kommune.

Det er viktig at skogbruket og skogseigarane har gode og stabile rammer å halda seg til og at ein unngår store endringar i retningslinjene samstundes som ein legg opp til eit aktivt skogbruk for framtida.

Administrasjonen har sendt framlegg til strategi og retningslinjer 2018 – 2021 nærings- og miljøtiltak i skogbruket til Modalen bondelag for innspel. Dei har ikkje kome med forslag til endringar.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at det er viktig å sikra skogbruket gode og stabile vilkår, samstundes som ein legg til rette for et framtidig skogbruk. Det vil vere viktig å sikre tømmer av god kvalitet og stabile bestand som er betre rusta i framtidens klima.

Kommunestyret - 011/2018**KS - behandling:**

Rådmannen orienterte kort om saksgrunnlaget og vurderingane som ligg til grunn for framlegget til strategi og retningslinjer.

Framlegget vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og vedtar strategi og retningslinjer 2018-2021 nærings- og miljøtak i skogbruket (NMSK) for Modalen kommune.

Vedtaket har heimel i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3.

Vedlegg:

Strategi og retningslinjer 2018-2021 NMSK Modalen kommune

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA - Q52	15/252

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2018	Kommunestyret	PS	22.03.2018

Søknad - kommunal delfinansiering av hurtigladepunkt i Modalen.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 240 000,- i tilskot frå næringsfondet til delfinansiering av hurtigladepunkt for el-bil på Mo. Delfinansieringa skjer i samarbeid med Fortum (medeigar og driftar). Resterande finansiering er planlagt med kr. 160 000,- frå Enova og ca. kr. 620 000,- frå Fortum.

Saksopplysningar:

Hordaland fylkeskommune lyste på grunnlag av etterspurnad frå Modalen kommune hausten 2016 ut tilkotsmidlar til aktørar som ynskter å etablere og drifte hurtigladepunkt for el-bil i Modalen. Fortum var einaste søkjar til desse midlane.

Fortum ynskjer å gjennomføre etableringa dersom Modalen kommune finansierer kr. 400 000,- av kostnaden. Det kan skje ved kombinasjon av tilskot frå næringsfondet og midlar frå Enova si hurtigladepunkt-tilskotsordning.

Ingen andre aktørar har synt interesse for etablering, og Fortum viser til at dei treng min. kr. 400 000,- frå Modalen kommune for å finne lønsemd og gå vidare med sine planar. Dersom dette vert vegen vidare vil Modalen kommune bli medeigar i min. 3 år, samt at verdiane vert balanseført forholdsmessig m.o.t. investering gjort av Modalen og Fortum.

Fortum vil overta hurtigladepunktet etter tidlegast 3 år (Enova-krav). Plassering, omstende rundt plassering m.m. er langt på veg handsama og avklara i samarbeid med teknisk etat i Modalen kommune. Det er gjennomført synfaring og det ligg føre tilbod på anleggsarbeid. Kapasitet på nett/trafo er avklara med Modalen kraftlag.

Slik rådmannen vurderer vil Enova leggje til grunn at søknaden frå Modalen kommune til Enova vil gjelde dei kostnadar kommunen har – kr. 400 000,-, og at enovatilskot vert løyvd med inntil 40 % av dette. Det inneber at enovatilskot vert på kr. 160 000,-.

Bakgrunn

Modalen kommune ligg i eit område mellom E30 og E16 kor det ikkje er ladepunkt for el-bil. Næraste punkt er i Romarheimskrysset. Rådmannen ynskjer å bidra til at det er råd å komme til Mo og få tilført straum på el-bilar. Det vil kunne auke ferdsel inn til Mo. Det vil også kunne bidra til at fleire veljer Mo som stoppestad for å lade, eller berre fordi det er lademoglegheit her. Det same vil gjelde folk som har jobbærend til Mo – dei skal kunne vere sikre på å kunne lade.

Ladepunkt er eit av fleire tiltak som sikrar vidareutvikling av Mo/Modalen. Kommunen er i tillegg ein kraftkommune, og el-ladepunkt vil vere eit omdømetema.

I Strategisk næringsplan er etablering av el-ladepunkt eit av tiltaka som er planlagt for sentrumsutvikling under fokusområdet *reiseliv*.

I næringsfondsvedtektene er det vist til at *fondet kan nyttast til kommunale fellestiltak som tryggjer og auker busetnaden i Modalen kommune*. Rådmannen si vurdering er at dette ligg innanfor lokalsamfunnsutvikling kor Modalen treng å styrkje seg i tråd med samfunnet rundt. Å setje Mo i stand til å levere energipåfylling til besøkande vil kunne ha positiv innverknad både no og på sikt. Ein kan delvis sidestille tiltaket med verdien av å ha bensin-/dieselstasjon. Verdt å merkje at hurtiglading ikkje først og fremst vil vere eit tilbod til innbyggjarane våre då dei har tilgang på straum heime.

Vurdering

Hurtigladingepunkt på Mo kan syne seg å vere lite lønsam for den som skal drifte. Fortum har vist til at deira interesse er knytt til å etablere eit nettverk av ladepunkt oppover langs nordvestlandet. Dersom Modalen kommune ikkje får etablert slikt ladepunkt i samarbeid med Fortum, er det uvisse knytt til om det i det heile tatt let seg økonomisk gjennomføre.

Det er ei nasjonal satsing at alt nybilsal skal vere basert på fornybar energi (el, hydrogen eller liknande) f.o.m. 2025. Endringa i den norske bilparken skjer fort, og el-bildelen aukar. Modalen kommune skal også vere ein del av denne utviklinga både med omsyn til kva ein kan få av tenester som innbyggjar og besøkande. At Modalen kommune kan tilby hurtiglading av elbil vil vere eit steg kor ein held følgje med denne utviklinga.

Konklusjon

Rådmannen vurderer slik at kostnaden og verdien av slik delfinansiering og samarbeid er til stades i slik grad at det verd rådd til å løyve tilskot for å gjennomføre utbygging saman med Fortum.

Kommunestyret - 012/2018

KS - behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte om status i saka og bakgrunnen for framlegget. Sigmund Vikane stilte spørsmål om det i framlegg til plassering er tatt høgde for å ikkje kome i konflikt med evt bygging av nytt nærings- og tenestesenter, og om det er tatt høgde for nok strømkapasitet ved evt vidare utbygging av ladestasjonen på eit seinare tidspunkt. Ove Sæbø svarte at begge deler er vurdert og ivaretatt.

Håvard Engeseth stilte spørsmål om det er planar for utbygging av ladepunkt for tilsette og besøkande ved kommunale bygg. Ove Sæbø svarte at det ikkje er arbeid med konkrete planar for dette no, men at dette kan bli aktuelt ved fleire bygg seinare.

Liv Anne Aanensen stilte spørsmål om det er planlagd ladepunkt for elsyklar, og om kven som har vedlikeholdsansvar for hurtigladestasjonen. Ove Sæbø svarte at ladepunkt for elsykkel ikkje har vore tema sålangt, og at vedlikehaldsansvaret vert klarlagt i kontrakten med utbygger.

Trude Langedal kommenterte at det er viktig for Modalen å ha eit hurtigladepunkt å tilby turistar og andre besøkande i kommunen.

Sigmund Vikane stilte spørsmål om evt forskutting av kostnader burde vere med i vedtaket. Ove Sæbø orienterte om kostnadsfordelinga og bakgrunnen for denne, og at administrasjonen på noverande tidspunkt har vurdert at dette ikkje var naudsynt å ha med.

Ordførar tok administrasjonen sitt framlegg til vedtak opp til votering. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 240 000,- i tilskot frå næringsfondet til delfinansiering av hurtiglade punkt for el-bil på Mo. Delfinansieringa skjer i samarbeid med Fortum (medeigar og driftar). Resterande finansiering er planlagt med kr. 160 000,- frå Enova og ca. kr. 620 000,- frå Fortum.